

Sigmund Hatløy
Andreesgt. 20,
4016 Stavanger

28. 02. 2013

NVE
Postboks 5091
0301 OSLO

nve@nve.no

OPPRUSTING AV LYSEBOTN KRAFTVERK I FORSAND KOMMUNE.
MERKNADER TIL SØKNAD OM GODKJENNING FRÅ LYSE PRODUKSJON AS.

SAMANDRAG.

Opprustinga av Lysebotn kraftverk fører til ei endå meir brutal regulering av Årdalsvassdraget enn den brutale reguleringa ein har nå.

Hovudmagasinet Lyngsvatnet med 50 meter regulering vil kunna senkast endå fortare enn nå. Dette kan også gjelda for det kunstige magasinet Breiavad som har vasstandvariasjon på 48 meter.

Dei sterkt skjemmande naturinngrepa vil bli endå verre og ferdsel både sommar og vinter blir vanskelegare.

Det er urimeleg at Lyse Produksjon AS skal få halda fram med, og auka, ein stor kraftproduksjon basert på minimale og langt mindre miljøkrav enn andre kraftprodusentar. Å godta så små miljøkrav er i strid med føremålet med lovgivinga om revisjon av gamle konsesjonar, og gjentatte stortingsvedtak om å prioritera slikt revisjonsarbeid.

Lyse Produksjon AS må få krav om å sikra minstevassføring på lakseførande strekning i Årdalsvassdraget på nivå med alminneleg lågvassføring før reguleringa.

Av NVE er dette i 2005 fastslått til å vera 2,45 m³/s ved Nes bru, og 5,5 m³/s ved Tveit. Krafttapet p.g.a. dette kravet er mindre enn 0,67 % av gjennomsnittleg årsproduksjon i Lysebotn og Breiavad kraftstasjonar, og kostnaden mindre enn 0,04 øre pr kilowatttime.

TIDLEGARE REGULERING I ÅRDALSVASSDRAGET.

Til den nye kraftstasjonen i Lysebotn kjem det aller meste av tilrenninga frå Årdalsvassdraget. Hovudmagasinet Lyngsvatnet skal ved opprustinga også brukast som inntaksmagasin.

Årdalsvassdraget vart første gong regulert ved konsesjon av 19.11. 1948. Den tids reguleringsvilkår var svært lite miljøvennlege, og reguleringa har blitt karakterisert av ein vassdragsdirektør slik: "En særdeles brutal regulering".

Lyngsvatnet har nå varierende høgderegulering på 50 meter, Breiavad (kunstig magasin) 48 meter, og Nilsebuvatnet 14 meter. Det er ikkje krav om minstevassføring i vassdraget, trass i at Årdalsvassdraget har ei svært verdfull storlaksstamme.

Over 60 % av nedbørfeltet er ført vekk frå vassdraget, middelvassføringa er redusert frå 41,3 til 14,9 m³/s. I lågvassperiodar er målt mellom 1 og 2 m³/s i hovudløpet ved Tveit, ved Nes bru (nær øvre grense for lakseførande strekning) er målt sommarvassføring under 0,3 m³/s. Lyngsvatnet med overføringar har ein reguleringsgrad på 89 % av årsavløpet. Overløp og flaumtap til det uregulerte feltet er derfor minimalt.

KRAV OM REVIDERTE VILKÅR.

Stortinget vedtok i 1992 at gamle reguleringskonsesjonar kunne reviderast for å

- retta opp miljøskadar
- modernisera/ajourføra gamle konsesjonsvilkår meir i samsvar med nyare vilkår
- sikra at aktørane i kraftmarknaden får mest mogleg like konkurransevilkår.

Hjelmeland kommune varsla NVE den 01.07.1996 om krav om revisjon av reguleringsvilkåra, og endelege krav er datert 18.11.1998.

Krav om revisjon av vilkåra vart støtta av Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for naturforvalting, Miljøverndepartementet, Norske Lakseelver, Rogaland Jeger- og fiskeforening, Rogaland Naturvern, Stavanger Turistforening, m. fl..

Hovudkravet er minstevassføring på lakseførande strekning i Årdal som ikkje er mindre enn alminneleg lågvassføring før reguleringa.

I innstilling til Olje- og energidepartementet av 26.03.2003 gjekk NVE inn for at det vart fastsett nye og moderne vilkår for reguleringa av Årdalsvassdraget i Hjelmeland kommune og Stølsåna i Forsand kommune. NVE gjekk inn for at det vart slept minstevassføring i Årdalsvassdraget (Storåna). Sidan 2003 har Olje- og energidepartementet hatt saka til avgjerd utan å sluttbehandla saka.

LITE KRAFTTAP MED NYE VILKÅR.

Rapport 6-2005 i forskningsprogrammet "Miljøbasert vannføring" utgitt av NVE, viser detaljerte fakta for ca. 60 vassdrag i Norge. Alminneleg lågvassføring i Årdalsvassdraget før reguleringa vart funne å vera 10.69 l/s pr. kvadratkilometer nedbørfelt. Ved Nes bru tilsvarar dette ei vassføring på 2,45 m³/s, ved Tveit 5,5 m³/s.

Brukar ein Lyse sine magasin til å sikra ei minstevassføring ved Nes bru på 2,45 m³/s vert krafttapet iflg NVE ca. 10 Gwh.

Opprustinga av Lysebotn kraftverk vil auka produksjonen med ca. 180 Gwh årleg. For kort tid sidan vart fallet Nilsebuvatnet-Breiavad utbygd til ein produksjon av ca. 50 Gwh.

Tidlegare er bygd ut for produksjon 1270 Gwh årleg. Samla produksjon vert om lag 1500 Gwh, så eit evt. krafttap på 10 Gwh blir berre 0,67 %. Tapet aukar produksjonskostnaden med mindre enn 0.04 øre pr. kwh.

Eit anna viktig faktum er at nedbørmengdene i Lyse sine felt har auka 10-15 % sidan Lyse fekk reguleringskonsesjon. At 0,67 % går med til å ajourføra miljøkrava til dagens standard er ein ørliten del av den gevinsten kraftselskapet har fått gratis.

OPPRUSTINGA BETYR MEIR BRUTAL REGULERING AV MAGASINA.

Ved opprustinga skal inntaket for Lysebotn kraftstasjon flyttast til Lyngsvatnet som er hovudmagasin. Dette gjer det mogleg å produsera store kraftmengder på kort tid for særleg høge kraftbehov. Denne auka kapasiteten er ein viktig del av formålet med opprustinga. Då vil vassnivået i Lyngsvatnet senkast med større fart enn før, og den brutale reguleringa blir endå meir brutal. Dette kan også påverka senkingsfarten i det kunstige magasinet i Breiavad. Naturinngrepa vert verre, problema for ferdsel sommar og vinter vil auka, likeså problema for fiskebestanden, erosjon i reguleringssonen, m.m..

I STRID MED STORTINGSVEDTAK.

At Lyse Produksjon AS skal få halda fram med, og auka, ein stor kraftproduksjon basert på minimale, og langt mindre miljøkrav enn andre kraftprodusenter, er også urimeleg konkurransevidande.

Å godta så små miljøkrav er i strid med føremålet med lovgivinga om revisjon av gamle konsesjonar, og gjentatte stortingsvedtak om å prioritera slikt revisjonsarbeid.

KONKLUSJON:

Lyse Produksjon AS må få krav om å sikra minstevassføring på lakseførande strekning i Årdalvassdraget på nivå med alminneleg lågvassføring før reguleringa. Av NVE er dette i 2005 fastslått å vera 2,45 m³/s ved Nes Bru, og 5,5 m³/s ved Tveit.

Krafttapet p.g.a. dette kravet er mindre enn 0,67 % av gjennomsnittleg årsproduksjon i Lysebotn og Breiavad kraftstasjonar, og kostnaden mindre enn 0,04 øre pr kilowatttime.

Sigmund Hatløy

pensjonert elveeigar i Årdalvassdraget